



...men det kom ikkje noko TV-team!

Kor mange som egentleg beit på spøken tør ikkje vi meine noko om, men planen i dag var i alle fall at heile skulen i Uskedalen skulle narrast april. Og mykje tyder på at mange gjekk på limpinnen... Regien var ved Åse Myklebust Neset og den listige plan gjekk ut på at eit team frå TV2 skulle dukke opp ved skulen ved 10-tida.

Teamet skulle gjera opptak til ein ny serie av 'Skal vi danse?', denne gongen i ein juniorversjon, og innspillinga skulle finna stad på grusbana. Den utløysande faktor var ein telefon til regissøren. Beskjeden vart formidla til klassane og dermed myldra alle ut på bana.

Men ettersom det ikkje kom noko TV-team vart alle bedne om å gå inn i salen og der var beskjeden klar: APRIL!
Vi observerte ingen som var sure etterpå.

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen